

## Teikn ein fantasifigur

Du skal teikne ein fantasifigur, eller kanskje eit romvesen som bur på ein annan planet. Korleis ser denne figuren ut? Kor mange hovud har figuren? Kor mange øyre? Kor mange munnar, auge, armar, bein, fingrar, føter? Kor mange halsar? Har figuren hår?

Teikn figuren i den første ruta. Finn så ein kamerat å arbeide med. Du skal beskrive fantasifiguren for kameraten din, som skal prøve å teikne den. Så skal du teikne fantasifiguren til vennen din i den andre ruta. Når de er ferdige, kan de sjå på bilda og samanlikne. Er figurane dykkar like?

